

SKLs tilbakemelding på høyringsuttalelser for detaljplan for miljø og landskap – Onarheim kraftverk

Etter høyringsrunden til plan for miljø og landskap for Onarheim Kraftverk har det kome inn 3 svar. Det er svart på vegne av Statsforvaltaren i Vestland, Vestland Fylkeskommune, og Mattilsynet. Oppsummeringa frå svara i høyringsrunden er i dette dokumentet skreve i *kursiv*

Vestland fylkeskommune - Oppsummert administrativt innspel

- Dåverande Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren skreiv i brev av 12.08.2019 at det ut frå endringane i planane ikkje lenger var naudsynt med arkeologisk registrering. Det står Vestland fylkeskommune fast ved. Vi ber likevel om at området langs nedgraven trykkrøyr og eventuelle andre område som vert påverka av anleggsaktivitet i anleggsperioden vert raskt tilstelt att etter endt byggeprosess slik at såra i landskapet vert redusert til eit minimum.*

Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne som vert berørt av det no omsøkte tiltaket. Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av planen må Vestland fylkeskommune få melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltningsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet (jf. kulturminnelova § 8,2.ledd).
- Dersom stiar og ferdselsårer for friluftslivet må stengast i anleggsperioden, er det viktig at det skiltast, og om naudsynt opparbeidast, alternative turruter. Det bør og informerast om tiltaket og alternative turruter der kor stiane startar. Omlegging og skilting av stiar bør gjerast i samråd med Kvinnherad turlag. Om det blir gjort permanente endringar av merka turruter må dette meldast inn til kartverket, t.d. gjennom rett i kartet, slik at kartgrunnlager blir oppdatert.*
- Vi føresett at terrenget blir tilbakeført og at eventuelle stiar som blir råka i anleggsperioden blir opparbeidd til tilsvarande, eller betre stand enn før arbeidet tok til. Om det er behov for påfylling av massar i samband med anleggsveggar og liknande, er det viktig at massane er reine og ikkje inneheld frø eller planterestar etter svartelista planter*

Konsesjonær sin kommentar til innspela

- Eventuelle funn av automatisk freda kulturminne vil umiddelbart bli varsla Vestland fylkeskommune. Dette er standard prosedyre og blir implementert i kontrakta med entreprenør.
- Det er planlagt med å skilte midlertidig omlegging av turstiar. Det er mange alternative stiar å skilte til, så dette bør ikkje være komplisert
- Sti / traktorveg frå stasjon og opp mot boreholet vil få ein auka standard etter ferdig arbeid, om ønskeleg vil vegen få eit topplag med eksisterande vegetasjon

Statsforvaltaren i Vestland - Fråsegn til detaljplan for Onarheim kraftverk

- Store landskaps- og friluftsinnteresser knytt til tiltaksområdet, og androm strekning nedstraums, tilseier at utbygginga blir gjennomført så skånsamt som mogleg. Vi legg til grunn at inngrep i naturmiljø og landbruksareal blir avgrensa til det som er nødvendig, at alle tiltak blir godt tilpassa terreng og landskap, og at området blir stelt til etter moderne prinsipp. Dette inneber bruk av lokale massar, lokalt plantemateriell og med naturlege førekomstar på staden som førebilete.*
- Det er planlagt ein 70 meter lang og ein meter høg flaumvoll ved kraftstasjonen. I konsesjonssøknaden er det omtalt at «Området må muligens heves noe for å gi beskyttelse fra mulige*

flommer.», men det er ikkje nemnt noko omfattande sikringstiltak langs elva. Ein plastringsvoll langs elveløpet, slik det er teikna inn i situasjonsplanen, vil gi elva eit kanalpreg. Det bør stillast krav om at sikringa blir utført mest mogleg i tråd med moderne prinsipp om tilbaketrekt forbygging og god terrengtilpassing.

- *Vi minner om forureiningslova § 7 om å unngå forureining. Det er planlagt å samle opp avløp frå boringa, og all avrenning vil gå via vassbehandlingsanlegg. Tiltakshavar må vurdere om forureininga vil halde seg innafor «vanleg forureining» frå mellombels anleggsarbeid, etter forureiningslova § 8. Eventuelt kan tiltakshavar ta kontakt med oss for å få avklart dette.*
- *Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243. Vi legg vidare til grunn at eventuelt betongavfall blir handtert i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta.*

Konsesjonær sin kommentar til innspela

- Konsesjonær har interesse av å få til eit anlegg med så lite fotavtrykk som råd. Konsesjonær har god erfaring med slike utbyggingar og vurderinga er at inngrepa som beskrive i planen er i tråd med ei nøktern utbygging.
- Flaumsikringa ved stasjonen vil kun påverke vasstrøyminga ved flaumar og vil ikkje påverke elveløpet ved normal vassføring. Det er kun ved svært høge vassmengder at elva vil ta vegen inn mot stasjonen, og det er det denne vollen vil verne mot. Kanalpreget det her er snakk om vil soleis kun gjere seg gjeldande i store flaumar.
- Erfaring frå tilsvarande prosjekt tilsei at statsforvaltar ikkje krev utsleppsløyve ved boring av borhol då dette normalt sett vil være innafor «vanleg forureining». Forholdet til forureiningslova vil uansett bli avklara med statsforvaltar før oppstart av bor arbeidet.
- Stein- og jordmassar vil blir handtert i tråd med gjeldande regelverk

Mattilsynet

- *Mattilsynet peiker på at det er særleg viktig å vere merksam på å førebygge risikoen for spreiding av smittsame sjukdomar hos dyr, inkludert akvatiske dyr. Det må stillast krav til entreprenørar og andre relevante verksemdar om vask og desinfeksjon av anleggsmaskiner og anna utstyr før dei kan nyttast i og nær vassdrag.*

Konsesjonær sin kommentar til innspela

- Slike krav vil bli lagt inn i kontrakt med entreprenør og blir følgt opp av byggherre under arbeida.